

# Årsmelding 2025

## Hareid sokn



Godkjent av Hareid sokneråd sak SR nn/26

# Innhald

1. Program kulturdag med årsmøte .....	4
2. Sakliste årsmøtet .....	4
3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd .....	5
3.1. Soknerådet sine underutval .....	6
4. Tilsette og frivillige .....	6
4.1. Likestilling, integrasjon og mangfald: .....	7
5. Kyrkja og kyrkjegarden .....	8
5.1. Kyrkja – ein lokal kulturaktør .....	8
5.2. Maling av ytterveggane .....	8
5.3. Gravplassen .....	8
6. Kyrkjelydshuset .....	9
7. Kyrkjeleg årsstatistikk .....	10
7.1. Dåp .....	10
7.2. Konfirmasjon .....	10
7.3. Ekteskapsinngåing .....	10
7.4. Gravferd .....	10
7.5. Inn- og utmeldingar DnK .....	11
8. Gudstenestelivet .....	12
8.1. Statistikk gudstenester – eit utval .....	13
8.2. Digitale aktivitetar i 2025 .....	14
9. Diakoniutvalet .....	15
10. Eigedomsutvalet .....	16
11. Misjonsutvalet .....	17
12. Kyrkjemusikalsk utval .....	17
12.1. Hareid Barnekantori .....	18
13. Undervisningsutvalet .....	19
14. Hareid Frivilligsentral .....	20
14.1. Frivilligsentralen og Brukt & Billig .....	21
15. Rekneskap 2025 .....	22
15.1. Fond eigd av Hareid sokn .....	23
16. Kommunikasjon & kontakt .....	23
16.1. Kyrkjesida i lokalavisa .....	24
17. TAKK! .....	24





# 1. Program kulturdag med årsmøte

- 12:30-15:30 Kafe & tombola & Loppemarked / sal av div. Ansiktsmaling for borna
- 13:30 Program: Med Knøttekoret, Barnekantoret  
Åresalg
- 16:00 Kyrkjelydsfest med årsmøte  
Med Kammerkoret. Loddsalg - trekking av bok - mat og kaffi.  
Årsmelding og årsmøtesaker

## 2. Saksliste årsmøtet

Årsmøte Hareid sokn, på Kyrkjelydshuset laurdag 18.april kl. 16:00.

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2025 Hareid sokn
3. Førebels rekneskap 2025
4. Budsjett 2026
5. Orienteringar



### 3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellestråd

Soknerådet er styringsorganet i kyrkjelyden vår og har det strategiske ansvaret for å 'vere kyrkje' lokalt. Soknerådet er på val kvart fjerde år. Når soknerådet handsamar 'fellestrådssaker', som i hovudsak gjeld økonomi, kyrkjebygg, gravferdsforvaltning og arbeidsgjevar-ansvaret for alle i staben utanom presten, vert rådet utvida med kommunens representant.

#### **Sokneråd/fellestråd perioden 2023-2027:**

Leiar	Stein B. Karstensen
Nestleiar	Sissel Anita Riise (til september 2025) Marit J. Øien Sæverud (frå september 2025)
Sekretær	Kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog (april 2025) Kyrkjeverje Jostein Bildøy (frå mai 2025)
Medlem	Leidulv Hareide, Karsten Robert Kirkebø, Sissel Janka Knardal, Elisabeth Øvrelid, Elling Bjåstad,
Varamedlem	Anne-Liv Holstad (1. vara som møter fast), Birte Mork Fure (til november 2025), Aud Helen Tjervåg, Vibeke Rafteseth, Marita Husøy Mork
Geistleg repr.	Sokneprest i Hareid
Geistleg vararepr.	Sokneprest i Ulstein

Hareid kommune sin representant i Hareid kyrkjeleg fellestråd:  
Bernt Brandal (ordførar)

Kommunal vararepresentant:  
Oskar Grimstad (varaordførar)

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er næraste overordna for prestane. Hareid sokn får tilskot til kateket og stilling til Kyrkjeleg Undervisning og Læring – KUL - tidlegare nemnt som Trusopplæring. Tilskotet utgjer 50 % av lønskostnadane til desse stillingane og arbeidet skjer etter ein godkjent plan.

#### **Møteverksemd**

Hareid sokneråd/kyrkjelege fellestråd har hatt 8 møter i 2025, og handsama 36 fellestrådssaker og 26 soknerådssaker. Møta er opne for tilhøyrarar. I tillegg har soknet fleire aktive underutval der soknerådsmedlemmane er fordelt i dei ulike underutvala.

#### **Årsmøte 2025**

Årsmøtet vart halde på kyrkjelydshuset søndag 16. mars 2025, kl. 13:30-14:30, i etterkant av gudstenesta med kyrkjekaffi.



Det vart ein utvida kyrkjekaffi, der vi også hadde avskjedsmarkering for avtroppande sokneprest i Ulstein, Margit Lovise Holte og avtroppande kyrkjevevje, Bente Andreassen Pilskog. Begge skulle vidare til andre utfordringar og fekk helsingar og avskjedgaver frå soknerådet.

### 3.1. Soknerådet sine underutval

Fleire av utvala har eigne rapportar seinare i årsmeldinga.

#### **Arbeidsutvalet – som førebur saker til sokneråd og fellestråd:**

Stein B. Karstensen (leiar), Sissel Anita Riise (vara for leiar inntil ho fråtredde), Marit Øien Sæverud (ny vara for leiar), sokneprest Lars Hartig-Tangedal, kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog – sidan kyrkjevevje Jostein Bildøy (sekretær).

#### **Administrasjonsutval – som mellom anna følgjer opp utlysingar og intervju med nye tilsette:**

Stein B. Karstensen (leiar), Sissel Anita Riise, Barbro Landmark (representant frå dei tilsette), kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog – sidan kyrkjevevje Jostein Bildøy (sekretær).

#### **Forhandlingsutval – ved ulike typar forhandlingar:**

Stein B. Karstensen (leiar), Sissel Anita Riise, kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog - sidan kyrkjevevje Jostein Bildøy (sekretær).

Utval som får eigen presentasjon seinare i årsmeldinga:

**Diakoniutvalet, Misjonsutvalet, Kyrkjemusikalsk utval, Undervisningsutvalet.**

## 4. Tilsette og frivillige

#### **Tilsette med Hareid kyrkjelege fellestråd som arbeidsgjevar:**

Kyrkjevevje: Bente Andreassen Pilskog 100% (til 30.04.25)  
Jostein Bildøy 100% (frå mai 2026)

Kantor: Ida Teige 100%

Kyrkjelydspedagog: Barbro Landmark (leiande) 100%

Kyrkjelydspedagog: Heidi-Beate Siring Grimstad inntil 80 % (frå 06.01.25)

Kontomedarbeidar: Annette Knudsen 50 %

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:  
Anton Tonev 100 %

Reinhaldar kyrkjelydshus:  
Malgorzata Nawrocka (20% fast frå 01.10.25)

Dagleg leiar Hareid Frivilligsentral:  
Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %

Ekstrahjelp/vikarar: (for kyrkjetenarar) Odd Lykstad, Jørund Vatne Eriksen  
(for kyrkjegardsarbeidar) Bjarte Sunde, Sverre Bigset, Lars Vaulet Sæther, Vadym Berezanskyi



Babysong/-treff: Anvor Sukka, Wenche Roppen  
Orgel/piano: Lidvar Grimstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel, Halvard Grimstad, Karen Turid Bjåstad, Barbro Torvik (gitar)  
Ten Sing: Oline Ulstein Bigset og Heidi Beate S. Grimstad

#### **Tilsette med Møre bispedøme som arbeidsgjevar, som har tenestegjort i Hareid:**

Sokneprest Hareid: Lars Hartig-Tangedal, 100 %  
Sokneprest Ulstein: Mirjam Håland Igland 100 % (endringstilsetting frå 1. mai)  
Ressurs tilført Ulstein etter at kapellanstillinga vart inndregen:  
Anton Heggvik (deler si 100%-stilling mellom sokneprest i Vanylven og innsatsen i Ulstein)  
Spr.vikar Ulstein Tone Cecilie Carlsten 100% (til august 2025)  
Vikarprestar Ulstein: Leidulv Ø. Grimstad, Rolf Schanke Eikum, Finn Ove Kaldhol  
På frivillig basis: Stein B. Karstensen

### **4.1. Likestilling, integrasjon og mangfald:**

Vi har 6,2 årsverk med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, der eine stillinga er leiar av Hareid Frivilligsentral som Hareid sokn eig og driv. Vi har 1 årsverk med Møre bispedøme som arbeidsgjevar. Til saman 9 fast tilsette, herav tre deltids-stillingar, 6 kvinner og 3 menn.

1 timesinnleigd mannleg vikar (pensjonist). 1 tilsett med innvandrarbakgrunn. Ein tilsett med innvandrarbakgrunn. Som foretak i Den norske kyrkja er vi IA-bedrift som skal legge til rette for inkluderande arbeidsliv og tiltak som gjer at den enkelte tilsette skal kunne utføre arbeidet sitt på ein god måte. Når det er behov for dette har vi god dialog med den tilsette og NAV.



## 5. Kyrkja og kyrkjegarden

### 5.1. Kyrkja – ein lokal kulturaktør

Hareid sokn er ein aktiv kulturytar i lokalsamfunnet. I 2025 har vi halde fram med førebuing til å vise fram Hareid kyrkje, middelalder-kyrkjegarden, gravplass og Prestestova til cruiseturistar. Dette arbeidet held fram mot det første cruiseanløpet i 2026. Og skjer i dialog med guidane våre, kommunen, cruiseagentselskap og næringslivet i Hareid. Det endelege resultatet ser vi fram mot.

### 5.2. Maling av ytterveggane

Det vart utført maling på ytterveggane av Hareid kyrkje i sommar. Under malingsarbeidet vart det avdekka fleire parti med mjukt treverk i vassbordet (trebordet som er nedste bordet av tre på kyrkjeveggen som møter grunnmuren på kyrkja). Dei mjuke partia viste seg å vere rote som vart erstatta av frisk kjerneved, utført av Byggtrad AS. Dei kom òg med merknad om malingstypen som har vore brukt hindrar materialet i treveggane i å puste, og dette fører då til at treverket held på fukta. Dette bør kartleggast for å vurdere om det kan utvikle seg omfattande råteskade. Arbeidet vart planlagt og førebudd av eigedomsutvalet. Det vart delvis leia av kyrkjegardarbeidar Anton Tonev, og dels av kyrkjevevja. Det er på sin plass her til å gje honnør til Lars Moldskred som gjorde hovuddugnadsarbeidet med malinga. Han fekk med seg fleire medarbeidarar undervegs.

### 5.3. Gravplassen

Det er utført ei oppgradering av rekkverket rundt delar av gravplassen. Gjerdestolpar som er rotne er bytta ut med friskt materiale, og det same med rekkverk. Hekk og planter er klippa av sommarvikarane. Trea på austsida av gravplassen er kutta ned i høgde og vidde. Og HAFEST har gjort ein flott dugnadsjobb med å reinspyle steinmuren rundt gravplassen langs Kyrkjegata forbi rundkøyringa opp langs Isakdalen.

Det er òg utført eit arbeid med å ajourføre lister i database med bestillingar for sletting av graver. Det er utført fjerning av gravminne i haust i samsvar med dette.

Det er og gjort ein avtale med skrifthoggar Allan Nogva som kan bistå festarar når det er lagt inn bestillingar knytt til oppgradering av gravminner, og oppretting av slike. Bestillingar til oss skjer berre når festar ringer kyrkjekontoret og ber om dette.



## 6. Kyrkjelydshuset

I løpet av året 2025 har det vore gjennomført mange aktivitetar på huset som høyrer soknet til, særleg innanfor KUL. Men det har også vore invitert til festar/samlingar for godt vaksne. For å halde huset i drift, krevst det også arrangement som berre har økonomisk gevinst i sikte, som tombolakafe. Vi har også hatt loddsalg med loddbøker, lynlodd og åresalg i tillegg til tombola.

Lisjesalen fekk seg ei totalrenovering dette året. Tak og veggjar vart skifta ut og mala. Vi kjøpte også nye stolar og bord til salen. Prosjektor vart installert i taket og lyset fekk dimming. Salen er no godt eigna til utleige og for fleire typer arrangement. Det som står att er lagarhjørne og lydanlegg.



## 7. Kyrkjeleg årsstatistikk

Det er mange tal å vise frå kyrkjeleg årsstatistikk. Her viser vi ei oppsummering av dei mest aktuelle tala for livet i soknet.

### 7.1. Dåp

Onsdag kveld 4.juni hadde vi Drop-in dåp i kyrkja for femte året på rad, der tre vart døypt. Over tid ser vi ein nedgang av innmelding som medlem i kyrkja gjennom dåpen.

	2015	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Dåp	48	49	43	45	40	37	37

### 7.2. Konfirmasjon

Talet på konfirmerte vil naturleg nok variere, då det kan vere store forskjellar på årskulla. I 2025 hadde vi 52 konfirmantar i kyrkja.

### 7.3. Ekteskapsinngåing

Det vart gjennomført 4 vigslar i Hareid kyrkje i år, der ein var meld i god tid og tre kom på kort varsel.

### 7.4. Gravferd

Gravferder i Hareid sokn har små årlege variasjonar. Både i gravferder i Hareid og i bestilling av graver for avdøde frå andre kommunar. Dette gjeld både kister og urner.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Gravferder	33	40	44	43	46	44
Kister Hareid	32	34	36	34	41	38
Urner Hareid	1	6	8	6	5	6
Kister utanfrå	3	1	3	1	3	4
Urner utanfrå	2	2	4	2	4	4



## 7.5. Inn- og utmeldingar DnK

Medlemar i Hareid sokn:

	2022	2023	2024	2025	Medl. 31.12.15	Medl. 31.12.25
Innmeldingar	0	5	4	6	3988	3699
Utmeldingar	7	12	5	8		



## 8. Gudstenestelivet

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudstenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.

For perioden 2023-2027 har soknerådet valt å ikkje ha eige gudstenesteutval. Staben køyrer difor dette arbeidet med sokneprest Lars Hartig-Tangedal som leiar. Sokneprest, kantor og kyrkjelydspedagog har jamleg arbeidsmøte for å planleggje komande gudstenester, som med alt anna arbeid som må planleggjast gjennom året.

Dei fleste sundagar i året er det gudstenester i Hareid kyrkje. I forordninga frå biskop i Møre frå 2012, vert det føreskrive:

- 45 hovudgudstenester skal haldast på sundagar og helgedagar i Hareid kyrkje.
- 2 ekstra hovudgudstenester blir halde ved behov på sundagar og helgedagar i Hareid kyrkje.
- 13 kvardagsgudstenester skal haldast i Hareid kyrkje.
- I tillegg har soknerådet tilbake i tid vedtatt inntil 10 gudstenester per år som ikkje er forordna (andre gudstenester), der kyrkjelydspedagog er liturg og ulike aldersgrupper i trusopplæringa tek del. Soknerådet ønskte at kyrkjelyden skal ha tilbod om gudstenester kvar søndag.

Gudstenestene i kyrkja har vore streama på facebook, og vi veit at dei har blitt sett og sett pris på av mange. Det har i tillegg blitt gjennomført gudstenester på bedehusa i krinsane, Holesanden, Kvitneset, Alskleiva og på Hadartun og Melshornet. Soknerådet vil rette ei stor takk til soknepresten og resten av staben, som har lagt ned eit stort arbeid for å få til alt dette. Takk også til alle som har stilt opp frivillig og delteke i gudstenestene.

### **FASTETIDA - Følgande program vart gjennomført i kyrkja onsdagane i fastetida 2025:**

5. mars	<b>Oskeonsdagsgudsteneste.</b> Song v/gruppe frå stab/sokneråd.
12. mars	<b>"Kveldstankar i fastetida"</b> v/Leiv Arne Grimstad og Grimstadkoret.
19. mars	<b>Salmekveld i fastetida.</b> Medverkande var: Michelle Öhman (piano), Åsmund Lunde (gitar), Ragnar Øvrebøe (bass) og Karsten Robert Kirkebø (slagverk), tekstlesing ved Marita Husøy Mork og solosong ved Sissel Anita Riise. Allsong og høve til å gje ei gåve til det kyrkjemusikalske arbeidet. Enkel servering.



26. mars **Andreas Bjåstad**, som gjekk bort for ikkje lenge sidan, har etterlate seg ein skatt av tekstar der mange er tonesett. Odd Goksøyr, Ronald Øvrelid, Vibeke Holstad, Tormod Engen, Trine Teigene Eidsvik og Øystein Orten gav oss eit møte med desse.
2. april **Gospelnight** med Anton og Hanna, og Hareid Ten Sing.
9. april **Påskevandring** for alle.

Takk til alle som har bidrege og tatt del på desse samlingane.

### Andakter og overføring av gudstenester i kyrkja – til institusjon/Hadartun

Soknet hadde tilsaman 83 andakter på Hadartun, kvar onsdag formiddag. Av desse var 43 i Vinterhagen og 40 på skjerma avdeling. På sommaren var det anna kvar veke. Vanlegvis er desse ved prest og organist, men ved behov har Barbro Landmark tatt andakten, og Ulstein-prestane i sommar-avviklinga,

Når Ida har vore oppteken har desse stilt opp: Karen Turid A Bjåstad, Ståle Helvig og Toril Sæter. Ein stor takk til desse. Målgruppa er bebuarane, men også brukarane av Dagsenteret tek del og eventuelt andre besøkande på Hadartun.

Arrangementa er opne for alle.

## 8.1. Statistikk gudstenester – eit utval

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Gudstenestebesøk sun-helligdag/snitt	4461/67	3970/63	5245/99	5660/106	5961/106	5849/104
Gudstenester kun sun- og helligdager	67	63	53	53	56	56
Nattverdsdelt.	1088	1105	1583	1559	1561	1366
Gudstenester med nattverd	31	26	35	32	36	32
Gudstenester i påska/besøkande i snitt	2/16	2/16	5/63	4/86	4/72	4/76
Kyrkjeoffer/ beløp totalt	169/408	175/069	209/846	248/218	296/386	251/327

NB: Pandemien prega tala for 2020, 2021 og jan-mars 2022.



### **Gudstenesteoversikt 2025:**

Sun- og helligdagar:	56 gudstenester
Utanom sun- og helligdagar:	12 gudstenester
<b>Til saman:</b>	<b>68 gudstenester</b>

## 8.2. Digitale aktivitetar i 2025

Ikkje alle har høve eller høve til å kome til gudsteneste søndag formiddag, og vi har gode sjåartal på våre digitale sendingar på Facebook.

Vi har likevel ikkje inntrykk av at det er færre som kjem fysisk til gudstenester grunna dei digitale sendingane, men heller at vi når fleire med budskapet. Det er sjåarar både lokalt, men også frå ulike stadar i Norge som ser på gudstenestene våre - enten direkte eller på anna tidspunkt. Også frå utlandet har vi ein del sjåarar.

For dei 53 gudstenestene som blei direktesendt digitalt i 2025, er det i gjennomsnitt 80 som ser på deler (over 1 minutt) eller heile gudstenesta,

Også gudstenestene frå andre lokasjonar blir streama; frå fjelltoppen Melshornet, høgda Alskleiva, innandørs frå ishavsskuta Aarvak, frå Kvitneset, frå leirstaden Holesanden og frå bedehusa i krinsane. Talet på følgjarar på Hareid sokn si Facebook-side auka med 48 personar i 2025, som per 31.12.2025 viser 2533 følgjarar. Vi er også aktiv både på Instagram og på heimesida vår ([hareid.kyrkja.no](http://hareid.kyrkja.no)).



Dei ulike utvala som er oppnemnt av soknerådet vil presentere stt arbeid i dei neste sidene.

## 9. Diakoniutvalet

"Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd". ( Definisjon, Plan for diakoni 2020)

Medlemmer i diakoniutvalet er Sissel Knardal (leiar), Lars Hartig-Tangedal, Heidi Pedersen Kvalsvik, Gry Moe, Petra Bakkely og Aud Helen Tjervåg Øvrelid. Leiar for Frivilligsentralen og Soknepresten er faste medlemmar av diakoniutvalet.

I løpet av året har vi hatt fire møter. Vi har også planlagt via e-post.

### **Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta:**

Diakoniutvalget hadde ansvar for å planlegge- og gjennomføre måltidet etter skjærtorsdagsgudstenesta. Vi serverte boller, kaffi og saft på langbord framme i kyrkja. Det var mange som deltok. Avslutta med å avduke alteret og songen "Fem raude roser".

### **Hausttakemiddag:**

Vi valgte å koke brennsnut og invitere til middag på kyrkjelydshuset i forbindelse med hausttakkefesten. I år var det ikkje så stort oppmøte. Vi kom fram til at vi hadde reklamert for lite for dette og det vart for kort varsel til at vi kunne rekne med stort oppmøte.

I etterkant har vi vore inne på tanken om å lage middag på kyrkjelydshuset fleire gongar enn den eine gongen i året.

### **Minnegudstjeneste:**

I forbindelse med allehelgens-helga deltok medlemmar frå diakoniutvalet på minnegudstenesta.

Vi sette fram lys og nokre var kyrkjevertar eller deltok i gudsjenesta på andre måtar. Det var fleire som vart igjen etter gudstenesta. Vi hadde enkel kyrjekaffi bak i kyrkja.

### **Diakoniplan:**

Vi har gått gjennom og revidert diakoniplanen frå 2020. Denne skal omarbeidast til tiltak i planverktøyet "Kyrkja vår".

*Sissel Knardal*

*-leiar i Diakoniutvalet-*



## 10. Eigedomsutvalet

Eigedomsutvalet hadde tre møte i 2025 (20. januar, 24. mars og 16. oktober). Vi følgde opp saker knytte til vedlikehald av kyrkjebygget, utvikling av gravplassen, tryggleik og tilgjenge for brukarane, samt revidering av forskriftene for gravplassen.

Eit hovudtema gjennom året har vore vedlikehald av kyrkja. Utvalet har gjort synfaring av ytterveggane til kyrkja og drøfta planlagte tiltak, herunder måling av langveggane og utbetring av råteskadar. Det blei tidleg innhenta pristilbod på måling av kyrkjeveggane får Ward1, men tilbodet viste seg å vere for høgt med omsyn til den noverande økonomien til kyrkja. Det vart difor lagt opp til ei løysing der vi fekk lånt stillas gratis, og der kyrkjegardsmedarbeidar Anton Tonev utførte mesteparten av sjølv målearbeidet sumaren 2025. Under målearbeidet blei det avdekt fleire råteskadar, og det vart i etterkant sett i gang utbetringar på til saman 34 punkt langs ytterveggane. Byggtrad Løvoll AS frå Volda vart hyra inn til arbeidet. Firmaet peika også på teikn til djupare råteskader som bør kartleggast nærare. Kyrkjeverje Jostein Bildøy har følgd opp dette vidare.

På gravplassen har utvalet arbeidd vidare med tiltak for betre tilhøva ved barnegravfeltet, etter innspel frå besøkande. Det vart drøfta etablering av hekk/levegg og ein benk for meir skjerming og en betre stad å sitje. Tiltaket var tenkt starta i samband med dugnaden, men det vart ikkje gjennomført i 2025. Saka vert teken opp att som ein del av planlegginga av neste års dugnad. Utvalet vart og orientert om utskifting av gamle gjerdestolpar, eit arbeid som alt var sett i gang av kyrkjeverje og kyrkjegardsmedarbeidar.

Dugnaden på kyrkjegarden vart gjennomført 26. april, med vanlege oppgåver som raking av lauv og klipping av hekk. Det møtte færre frivillige enn tidlegare år, og utvalet ser behov for sterkare mobilisering og betre rekruttering i forkant av komande dugnadar. Under dugnaden kom Lars prest med rettesnor og utstyr for trimming av hekk, og leia på slutten av dagen arbeidet med å få retta opp hekken på nedsida, som tidlegare har vore noko ujamn i klippehøgda.

Utvalet handsama og fleire saker knytte til tilgjenge og tryggleik. Det kom innspel om ny handicap-parkering nærare kyrkjeinngangen, inne på sjølv kyrkjegarden, men utvalet vurderte dette som vanskeleg å få til praktisk, og tilbakemelding vart formidla tilbake til forslagsstillar. Trafikksikkerheita ved porten på nedsida av kyrkja vart drøfta, og utvalet spela vidare forslag om mogelege fysiske tiltak til soknerådet, inkludert eit forslag om å flytte oppslagstavla som i dag står nede ved porten til ein annan plass. Vidare var utvalet involvert i det pågåande arbeidet med å få revidert dei lokale gravplassforskriftene som ikkje har vore endra eller oppdatert sidan år 2000.

Andre ting som har vore drøfta gjennom året er behov for jordskifte ved hekk ved rullestolrampen inn til kyrkja, plan om fjerning av kvit grus ved det nye gravfeltet, og ei mogleg forbetring av rullestolrampen ved kyrkjelydshuset for å redusere ferdsel ut i trafikken, for dei som kjem frå parkeringsplassen på nedsida og skal inn på kyrkjelydshuset.



## 11. Misjonsutvalet

Misjonsutvalet hadde 4 møter i 2025.

### Arrangement:

Vårsemesteret: **Misjongs gudsteneste** på Holesanden med loddbok.

Hautsemesteret: **Middag og misjon** med sal av middag og 50-kroners gevinstar.

Begge arrangementa var svært vellukka. Stas med Bigset skulekorps på Holesanden.

Hareid sokn har eit ansvar for at det vert samla inn kr 40.000,- til NMS sin barnehage i Thailand. Resultata har kvart år vore høgt over kr 40.000,-.

Misjonsutvalet si utfordring til årsmøtet er som følgjer: Skal vi heve avtalen frå kr 40.000,- til kr 50.000,- pr år?

### Medlemar:

Marit Øien Sæverud (leiar), Gunmar Grimstad og Odd Lykstad.

*Marit Øien Sæverud*  
*-leiar i Misjonsutvalet-*

## 12. Kyrkjemusikalsk utval

Medlemmar:

Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Bård Grimstad, Wenche Iren Roppen, frå soknerådet  
Karsten Robert Kirkebø, kantor: Ida Teige.

### Kyrkjemusikalsk utval sitt hovedmål for 2025:

Oppretthalde dei innarbeidde faste arrangementa «Salmekveldar» og «Vi syng og spelar jula inn» som utvalet arrangerer kvart år.

### Salmekveldar:

Mål: Samle kyrkjelyden til song & musikk, lære nye salmar og eit fellesskap med «noke å bite i» etter arrangementet. Samarbeide med lokale kor/korps/solistar / forsongarar.

Vi gjennomførte 5 salmekveldar i 2025 med følgande titlar: «Ut mot havet», «Instrumentale kveldstonar», «TRESS stemt klang med strøssel», «Nynorske salmar» og «Salmar i ventetida».

Det er lagt vekt på at desse arrangementa skal ha ulike tema og å treffe ulike målgrupper. Ein ser at det er mange som møter fast, men at nye tilhøyrarar møter

utifrå kva som er tema for kvelden. Desse nye tilhøyrarane er ofte «ikkje faste kyrkjegjengarar».

### **Vi syng og spelar jula inn:**

Mål: Lokale kor/korps får vere med på ein felles-dugnad.

Få opptre for kvarandre og kyrkjelyden og å inspirere kvarandre.

I år som i fjor hadde vi 2 konsertar der alle kor og korps i kommuna deltok. Lindis Eliassen las julesalmar i to avdelingar mellom programinnsлага, noko som fungerte veldig fint og det vart fin flyt i programmet. Fordeling av deltakarar og publikum var også veldig bra.

Vi evaluerte arrangementet og er godt tilfreds med årets «syng og spel jula inn».

Kantor Ida Teige spelar ei viktig rolle i kyrkjemusikalsk arbeid og gjer ein framifrå innsats på utvalet sine arrangement, men også på arrangement som «Julenatt i stallen» og «Min favoritt». Det må også nevast alle musikarar og sangarar/forsangarar som Ida har knytt kontakt med. Desse vert ofte nytta på gudstenester til stor glede for kyrkjelyden.

Kyrkjemusikalsk utval held fram å jobbe for fine stunder med sang og musikk komande år. Vi håper på god oppslutning om arrangementa, og ser fram til nye fine musikalske opplevingar i Hareid kyrkje i 2026.

*Karsten Robert Kirkebø*  
*-leiar Kyrkjemusikalsk utval-*

## 12.1. Hareid Barnekantori

**Hareid Barnekantori er eit barnekor knytta til Hareid kyrkje, alder frå 3.-7. klasse.**

### **Styret for koret 2025:**

Styreleiar: Halvard Grimstad  
Nestleiar: Andrea Øien Sæverud  
Styremedlem: Elisabeth Skeide Pedersen  
Sekretær: Vibeke Holstad  
Kasserar: Mona Hovden  
Dirigentar: Ida Teige og Anita Winsjansen Lillebø

Koret øver i Hareid kyrkje kvar onsdag kl. 15.45 - 17.15.

I tillegg til dei vanlege øvingane har koret sunge på fleire gudstenester både i kyrkja og i krinsane, konsertar i kyrkja, på biblioteket, Hadartun og på nokre andre arrangement rundt i bygda. Kvart år har vi også ein bli-kjent-tur med overnatting i starten av haustsemester.

10 betalande medlemmer i 2025

Medlemskontingent er kr. 300 pr. medlem i 2025.



Styret har hatt fire styremøter i 2025, i tillegg til kontakt på Messenger.

*For styret,  
Vibeke Holstad  
Hareid, 04.03.26*

## 13. Undervisningsutvalet

Medlemmane i Undervisningsutvalet 2025 har vore Vibeke Rafteseth (leiar), Kristin Leirbekk Husøy, Elisabet Øvrelid, Heidi-Beate Siring Grimstad (kyrkjelydspedagog) og Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog)

Undervisningsutvalet har hatt to møter.

Vi har deltatt på infomøte om Søndagsskulen og NMSU sitt konsept **MessyChurch**. Dette meinte vi var nyskapande, inkluderande, underhaldande og samlande for alle aldrar og det ønskte vi å gå vidare med.

Super-laurdag har derfor blitt utvida til å bli **Super-Messy-Laurdag**, og frivillige er med i plan og førebungsgrupper.

Utvalet har fått informasjon om ny plan for kyrkjeleg undervisning og læring (KUL), ein plan for døypte og alle øvrige interesserte. Planen vår må reviderast og tilpassast den nye etterkvart.

Når det gjeld aktiviteten i KUL så ser vi at oppslutning har endra seg. Vi har færre med i fleire av årskulla og for første gang har vi avlyst meir enn 1 tiltak. Det er vanskelegare å nå fram med informasjon og når barnekulla jamt over vert mindre, blir effekten at også færre er med i vårt arbeid.

### Undervisningsutvalet sine arrangement

13. desember arrangerte vi for sjuande gong **Luciafeiring** på Kyrkjegarden. Barnekantoret leia Luciatoget frå Kyrkjelydshuset til Prestetova, med song, kvite kapper og lys. Stova gav ly for vinden og vart eit fint bakteppe for borna. Stein Karstensen sørnga for både bålpanne og andakt. Elisabet Øvrelid, Vibeke Rafteseth, Emily Victoria Bigset og Samuel Bigset delte ut lussekattar og gløgg.

**Familiejulefest**, leia av Barbro Landmark, vart arrangert 30. desember. Rundt 100 personar kom, og fekk høyre song frå Knøttekoret, Barnekantoret og trioen Kristin, Torill-Oda og Halvard. Heidi-Beate S. Grimstad held andakt og Kristin Husøy fekk heile salen med på ein songleik. Alle borna fekk eit lodd når dei kom og 6 heldige vart trekt ut med overraskande gåver.

*Vibeke Rafteseth  
-leiar i Undervisningsutvalet*



# 14. Hareid Frivilligsentral

## **Årsmelding Hareid Frivilligsentral.**

I løpet av 2025 har Hareid Frivilligsentral vore eit levande samlingspunkt – eit hus der døra står open, kaffien er varm, og folk kjem inn både for å gi og for å få.

*Frivilligsentralen i Hareid består av mange engasjerte, frivillige medarbeidere som sammen skaper et godt og inkluderende lokalsamfunn.* Det er kjernen i alt som skjer her.

Det som kanskje rører mest, er kor mykje folk ønskjer å bidra. Over 90 frivillige er med på faste aktivitetar, og endå fleire dukkar opp når det trengst. Hobbyklubben er eit godt døme – 82 samlingar med latter, handarbeid, matlaging og små kvardagsprat som betyr meir enn ein skulle tru. Mange av dei som kjem, bidrar sjølve: dei pyntar til jul, lagar mat, strikkar gåver til matkassene. Det skaper ei kjensle av eigarskap og fellesskap som er heilt unik.

Karakveldene har blitt eit fristed for mange menn i bygda. Kaffe, vafler og gode diskusjonar – enkelt, men viktig. Det kjem stadig nye til, og det seier mykje om behovet for møteplassar der ein kan vere seg sjølv.

Brukt & Billig-butikken er ein annan stoltheit. Det er meir enn ein butikk – det er eit sosialt rom, eit miljøtiltak og ei kjelde til glede. Når overskotet går tilbake til bygda, som då skolekorpsa fekk 90.000 kroner til nye instrument, kjenner alle at innsatsen betyr noko.

Og så er det matkasseprosjektet. Det er kanskje det mest krevjande, men også det mest rørende. Over 300 menneske fekk hjelp i år, og 130 barn fekk julegåver. Folk strikkar, gir pengar, leverer gåver, pakkar og køyrer ut. Det er eit stort arbeid, men det er også eit stort hjarteprojekt. «*Gi folk mulighet til å hjelpe andre. Sammen kan vi få til mye.*»

Bålkosen på Rotarystien er eit anna lite eventyr. To frivillige tente opp bål kvar tysdag heile sommaren, kokte kaffe og delte ut heimelaga bakst. Det har blitt ein tradisjon som mange set pris på – eit lite pusterom i naturen.

Sjølv om frivilligheita blomstrar, er det også utfordringar. Behovet aukar, spesielt rundt jul. Levekostnader gjer at fleire slit, og matkasseprosjektet blir større for kvart år. Det krev meir koordinering, meir innsamling og fleire hender.

Bruktbutikken er i vekst, og utvidinga til nytt lokale er spennande – men også ressurskrevjande. Turnus, drift og økonomi skal følgjast opp, og mykje kviler på dagleg leiar og dei frivillige.

Mange av tenestene er sårbare dersom nokon blir sjuke eller må gi seg. Besøksvenn-tenesta, varesalet på Hadartun og fleire av dei faste aktivitetane treng kontinuitet og god oppfølging.

Frivilligsentralen har også mange samarbeidsoppgåver og administrative ansvar. Mengda av små og store oppgåver gjer at arbeidsmengda er høg, og mykje av



innsatsen er vanskeleg å talfeste: «I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å talfeste dette.»

I tillegg forsvinn finansieringa av «Den kulturelle spaserstokk» frå 2026, noko som skaper uro for framtidige kulturtilbod til eldre.

Trass i utfordringane er det ei sterk kjensle av at folk i Hareid vil kvarandre vel. Det er kanskje den største motivasjonen av alle. Når frivillige stiller opp, når folk kjem innom for ein prat, når nokon får hjelp akkurat når dei treng det – då blir det tydeleg kva frivilligsentralen betyr.

Det er ikkje berre aktivitetar og tal. Det er menneske, varme og vilje. Og det er det som gjer Hareid Frivilligsentral til ein av dei viktigaste møteplassane i bygda.

*Heidi Pedersen Kvalsvik*  
-leder Hareid Frivilligsentral-

## 14.1. Frivilligsentralen og Brukt & Billig

Rekneskapen for Frivilligsentralen og Brukt & Billig er handsama i årsmøte for Frivilligsentralen i Hareid sokneråd i fellesrådsmøte. Tala her e difor til orientering, for å syne at det gjekk bra med begge deler økonomisk. I 2025 Tabellen over fond viser utvikling i disponibelt beløp i fond frå 1.1.2025 til 31.12.2025. Der beløpet har auka har Frivilligsentralen og Brukt & Billig hatt eit mindreforbruk (overskot) i drift som har tilført fondet overskotsmidlar.

<b>FOND TIL FRIVILLIGSENTRALEN</b>	<b>1.1.25</b>	<b>31.12.25</b>
Frivilligsentralen	-76580,01	-87914,32
Matkasse	-182180,85	-223672,97
<b>SUM Frivilligsentralen</b>	<b>-258760,86</b>	<b>-311587,29</b>
<b>FOND TIL BRUKT &amp; BILLIG</b>	<b>1.1.25</b>	<b>31.12.25</b>
Fond Brukt & Billig	-368068,41	-466268,74
Depositum husleige Brukt & Billig	-14161,00	-14161,00
<b>Sum Brukt &amp; Billig</b>	<b>-382229,41</b>	<b>-480429,74</b>



# 15. Rekneskap 2025

Rekneskap for 2025 er ikkje avstemt, men rekneskapen ferdig ført for 2025, Det er så langt eit mindreforbruk på kr 113 273,- Ved ein feil har rammetilskotet for 2025 blitt satt til kr 4.094.000,-. Det rette talet for rammetilskot er kr 4.314.272,-. I 2026 vil ein forhandle om løysing for korleis det uteståande tilskotet skal førast soknet.

## Økonomisk oversikt drift Hareid Sokn 2025

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet	Rekneskap 2025	Regulert budsjett 2025	Opprinneleg budsjett 2025	Rekneskap 2024
<b>Inntekter</b>				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-1 286 104	-1 140 800	-1 140 800	-1 125 240
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	0	0	0	0
3 Refusjoner/overføringer	-1 069 533	-925 200	-925 200	-1 127 479
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0	-297 530	-297 530	-290 802
5 Statlige tilskudd	-784 000	-795 000	-795 000	-754 000
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	0	0	0	0
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-4 399 000	-4 664 272	-4 664 272	-4 185 000
8 Tilskudd fra soknets organer	0	0	0	0
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-896 611	-472 500	-472 500	-946 776
<b>10 Sum driftsinntekter</b>	<b>-8 435 248</b>	<b>-8 295 302</b>	<b>-8 295 302</b>	<b>-8 429 297</b>
<b>Utgifter</b>				
11 Lønn og sosiale utgifter	5 453 344	6 140 999	6 140 999	4 961 140
12 Kjøp av varer og tjenester	2 551 455	1 739 605	1 739 605	2 244 482
13 Refusjoner/overføringer	555 828	439 200	439 200	482 820
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0	297 530	297 530	290 802
15 Tilskudd og gaver	231 492	250 000	250 000	373 013
<b>16 Sum driftsutgifter:</b>	<b>8 792 118</b>	<b>8 867 334</b>	<b>8 867 334</b>	<b>8 352 258</b>
<b>17 Brutto driftsresultat:</b>	<b>356 870</b>	<b>572 032</b>	<b>572 032</b>	<b>-77 039</b>
18 Renteinntekter og utbytte	-188 534	-10 000	-10 000	-176 235
19 Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0
20 Renteutgifter og låneomkostn.	670	0	0	45
21 Avdrag på lån	0	15 000	15 000	0
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0	0	0	0
<b>23 Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>-187 865</b>	<b>5 000</b>	<b>5 000</b>	<b>-176 190</b>
24 Avskrivninger	101 639	52 000	52 000	101 639
25 Motpost avskrivninger	-101 639	-52 000	-52 000	-101 639
<b>26 Netto driftsresultat</b>	<b>169 006</b>	<b>577 032</b>	<b>577 032</b>	<b>-253 228</b>
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	0	0	0	-162 087
28 Bruk av disposisjonsfond	0	-314 728	-314 728	-326 259
29 Bruk av bundne fond	-553 057	-262 304	-262 304	-250523
<b>30 Sum bruk av avsetninger</b>	<b>-553 057</b>	<b>-577 032</b>	<b>-577 032</b>	<b>-738 869</b>
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0	0	0	0
32 Avsatt til disposisjonsfond	0	0	0	162 087
33 Avsatt til bundne fond	270 779	0	0	506 494
34 Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	20 272
<b>35 Sum avsetninger</b>	<b>270 779</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>688 853</b>
<b>36 MINDREFORBRUK</b>	<b>-113 273</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-303 245</b>

Oversikt over dei ulike ansvarsområda til Hareid sokn og Frivilligsentralen. Denne tabellen viser netto driftskostnader for kvart ansvar.



Ansvar	Konto	Funksjon	Rekneskap 2025	Budsjett 2025 inkl. endring	Avvik i NOK
	ALLE		-91 713	314 728	-406 441
1100	KYRKJELEG ADMINISTRASJON		1 671 031	1 656 108	14 923
1200	KYRKJA		1 615 685	1 699 323	-83 638
1300	KYRKJEGARD		494 789	532 679	-37 890
1410	KYRKJELEG UNDERVISNING		342 025	506 643	-164 618
1420	TRUSOPPLÆRING		-43 388	161 896	-205 284
1430	KYRKJEMUSIKALSK ARBEID		35 140	72 351	-37 211
1440	UNGDOMSARBEIDAR		0	0	0
1450	HAREID FRIVILLIGSENTRAL		0	0	0
1460	BRUKTBUTIKKEN		0	0	0
1500	KYRKJELYDSHUS		0	0	0
1840	RAMMETILSKOT		-4 094 000	-4 314 272	220 272
1845	GUDSTENESTEOFFER		-112 995	0	-112 995

## 15.1. Fond eigd av Hareid sokn

Tabellen over fond viser utvikling i disponibelt beløp i fond frå 1.1.2025 til 31.12.2025. Der beløpet har auka har vi hatt eit mindreforbruk (overskot) i drift som har tilført fondet overskotsmidlar. Det er likevel viktig å merke seg at sidan rekneskapen ikkje er avstemt kan det vere avvik i fondsoversynet og i tabellen over som viser rekneskap pr ansvar.

FOND I HAREID SOKN	Fond pr. 01.01.25	Fond pr. 01.01.26
Konfirmantkapper	-17 178,00	-17 178,00
Fond kyrkjeutstyr	-3 640,00	-3 640,00
Fond ungdomsarbeidar	-115 640,68	-86 708,18
Fond trusopplæring	-20 000,00	-20 000,00
Kyrkjelydshus	-1 412 716,64	-1 004 265,73
Gavefond SPBM	-32 480,00	-32 480,00
Gavefond A. Bjørndal	-2 250,00	-2 250,00
Gravfond felles	-33 450,44	-24 710,18
Minnesteifond	-5 309,70	-5 309,17
Kyrkjemusikalsk arbeid	-56 046,37	-68 864,74
<b>SUM Fond Hareid sokn</b>	<b>-1 698 711,83</b>	<b>-1 265 406,00</b>

## 16. Kommunikasjon & kontakt

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggerane i Hareid kommune. Vi ønskjer å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, og nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsnyttige arbeid. Vi har eit god samarbeid med Hareid kommune og ordførar er kommunen sin representant i Hareid kyrkjelege fellesråd. Dette er med på å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss viktig kontakt. Gjennom ein samarbeidsavtale med kommunen får Hareid sokn føreseielege rammer for arbeidet og det er viktig med god dialog for eit godt samarbeidsklima. Gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, lønsutbetaling og tilknytt personaladministrative rutinar for dei tilsette, porto, IKT, reinhald og tenester knytt til gravearbeid på kyrkjegarden i høve



ferietid/sjukdom. Ein tilleggsavtale er oppretta for teknisk assistanse på kyrkjekontoret/ kyrkjelydshuset.

## 16.1. Kyrkjesida i lokalavisa

Annankvar veke leverer Hareid sokn materiale til "Kyrkjesida" i lokalavisa Vikebladet Vestposten, der ein når fram til mange husstandar. Dette er eit samarbeid med lokalavisa og med Ulstein sokn som og leverer annankvar veke, ei ordning for å informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved høve.

## 17. TAKK!

Å vere Hareid kyrkjelyd og gravplassmyndigheita i Hareid er ikkje berre eit arbeid utført av våre løna tilsette. Arbeidet vil kome til kort om samspelet mellom alle typar frivillige i kyrkjelyden og staben uteblir. Vi har ca 150 frivillige medarbeidarar til ei kvar tid i Hareid sokn, på kyrkjegarden, i kyrkja, på kyrkjelydshuset, på Hadartun, på leirstadane, ved vatna, på fjella og i bygdene. Overalt der arbeider skjer.

Hareid sokneråd vil gjerne uttrykke ei stor felles takk til kvar og ein som engasjerer seg frå falda hender i bøn til små og store fysiske engasjement. Tusen takk 😊

### Hareid sokneråd 17.3.26

**Elling Bjåstad**  
medlem

**Leidulv Hareide**  
medlem

**Anne Liv Holstad**  
medlem

**Sissel Janka Knardal**  
medlem

**Karsten Robert Indrebø**  
medlem

**Elisabeth Øvreid**

**Bernt Brandal  
Øvreid**  
kommunal representant

medlem

**Aud Helen Tjervåg**

**Lars Hartig-Tangedal**  
geistlig representant

**Marit J. Øien Sæverud**  
nestleiar

**Stein B. Karstensen**  
leiar



## Kontaktinformasjon:

**Hareid sokn**

**Bedehusgata 17, postboks 48, 6069 Hareid**

**Tlf. 700 95130**

**Epost: [kyrkjekontoret@hareid.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@hareid.kommune.no)**

**Heimeside: [kyrkja.no/hareid](http://kyrkja.no/hareid) Facebook: Hareid kyrkje Instagram: Hareid kyrkje**

